

HEIDAL SFO

2011-2012

TLF: 61210790



Opningstider Heidal SFO

Måndag, tysdag, onsdag, torsdag og fredag:

Morgon: 07.00 - 08.00

Ettermiddag: 14.00 -16.30

Dei tilsette:

Elin Lid, Randi Solheim, Nina Bratlien, Anne Volden, Svanhild Storødegård, Siv Nygård og Eva Kd Bekkemellem.(leiar)

Pris fast plass på SFO: Opphald t.o.m. 14 t/v kr. 1000,-
Opphald f.o.m. 15 t/v kr. 1730,-
50% søskenmoderasjon.

Ekstratimar på SFO

Det er anledning til å kjøpe seg ekstra timar på SFO, morgon og ettermiddag. Ring direkte til SFO eller kom innom og gje beskjed om dette.

Ekstraopphald:

Kr. 85,- pr.time

Kr. 280,- for heil dag

På SFO- tavla heng det ei beskjedblokk, der dykk foreldre kan skrive ulike beskjeder til oss. (om eleven skal ha fri ein dag og liknande)

VIKTIG: GJE BESKJED DERSOM ELEVEN IKKJE SKAL VÆRE PÅ SFO, ANTEN MUNNLEG, OVER TLF, ELLER VED Å SKRIVE PÅ SFO-BLOKKA. (dette gjeld òg om eleven er sjuk og borte frå skulen)

Det er kun foreldra som kan gje beskjed, munnleg eller ved å skrive på SFO-blokka, ikkje elevane

Dersom dykk skal ringje er det er best at dykk ringjer direkte på SFO-telefonen og gjev beskjed mellom kl 07.30-08.00, men dykk kan òg ringje om ettermiddagane.(etter kl 14.00)
Gje alltid beskjed når eleven blir henta.

Vi assistentar som arbeider på SFO er ikkje innom alle klasser gjennom skuledagen og vi har heller ikkje høve til å prate med alle lærarane, så **ikkje skriv i meldingsboka angående opphald på SFO.**

MORGON

07.00-SFO opnar.

07.00-08.00-Elevane blir tekne i mot.

-Vi prater, teiknar, spelar, leiker og har ei trivelig morgonstund.

-Eleven kan ta med matpakke og ete frukost.

08.00.Morgon på SFO sluttar. Elevane går til klasseromma sine.

ETTERMIDDAG

14.00.- Alle elevane kjem inn og setje seg ved borda.

-Vaske hender.

-Opprop.

-Eta nista.

14.45. -Gjera lekser dersom det er behov for det.

-Frileik, inne og ute

-Formingsoppgåver.

15.30. - Rydding.

-Leik, alle inne eller alle ute.

16.30 -SFO stengjer.

Den tida elevane tilbringar ved SFO er deira fritid. Det ligg i ordet - skole-FRITIDS-ordning. Difor skal vi vaksne gje dei tilbod om aktivitetar, oppmuntre dei til å leike saman og å væra mykje ute. Elevane bør ikkje bli pådytta oppgåver dei ikkje har lyst til denne tida, men få tid til kvile og leik.

Elevane skal kjenne seg trygge og då må vi ha felles reglar og grenser som gjeld elles på skulen. Slik som å ta omsyn til kvarandre , halde seg innanfor skulen sitt område, sitte i ro under måltidet osb.

Dei tilsette skal ha tid til å prate med elevane og sette dei i gang med ulike aktivitetar. Dei skal observere leiken og sjå til at alle har det bra.

SFO har ein eigen beredskapsplan i samarbeid med Heidal barnehage.

SFO har dei same reglane som skulen, dette gjeld til dømes: reglar for orden og åtferd og tiltaksplan mot krenkande åtferd.

Generelle reglar for SFO

MAT

Elevane må ta med mat og drikke sjølve. Sei ifrå til dei tilsette om elevane skal eta frukost.

Alle elevane må ta med mat til å ete om ettermiddagen.

KLEDE

Ta med godt med uteklede!

SJUKDOM

Ved sjukdom bør elevane haldast heime. **HUGS Å GJE BESKJED.**

Ettermiddag:

Etter ordinær skuletid, må elevane gå direkte til SFO og setje seg inne ved borda slik at den vaksne ser at alle borna er der. Ta ein prat med borna dykkar om dette heime, slik at dei skjønar at denne regelen er viktig å følgje.

SFO stengjer 16.30. Oppstår det forseinkingar må dykk ringje og seie i frå. Når elevane vert henta, eller byrjar den ordinære skuledagen, må dei rydda etter seg. Sett av tid til det når dykk hentar.

LEKSER

Det er anledning til å gjere lekser på SFO, gje beskjed dersom dykk har behov for det.

FORMINGSOPPGAVER

Ein dag i veka legg vi opp til meir spesielle formingsaktivitetar på SFO, alle elevane som har lyst kan delta.

ELEVSAMTALER.

Når lærane i dei forskjellige klassane har elevsamtalar, blir elevane spurt om korleis dei har det på SFO. Lærane gjer beskjed både til foreldra og til lederen på SFO dersom det er noko særskilt. Dette gjer vi for å sikre at alle skal ha det bra hjå oss.

SFO følger skuleruta, men er ope i haustferien og vinterferien.(stengt på planleggingsdagane og ekstra fridagar)

VINTERFERIE OG HAUSTFERIE PÅ SFO.

Vi set opp ei liste på SFO der dykk sjølve må krysse av dei dagane eleven skal være hjå oss. Dette gjer vi 3veker før ferien. Lista heng oppe ei veke.

Det må være minst 5 born pr.dag for at vi kan halde ope SFO desse feriedagane.

Dersom dykk skal ha fleire timar på SFO i vinter- eller haustferien enn dykk har til vanleg, må dykk betale ekstra for det.



Helsing

HEIDAL SFO.

